



Frå den flotte konserten under samlinga på Tertnes i byrjinga av oktober. Vi ser Bjørn Naterstad som nr.3 i trobonerekkja og Vegard Døssland(fremst) og Inghild F. Helleland(nr.6) i kornettekkja. Marius L. Torjusen er og med i HUBB

Komande helg er det samling for Hordaland Ungdoms Brass Band i Rosendal. I dette kretskorpset som har vel 40 medlemmer i alderen 14 – 20 år, er det no 4 medlemmer frå Kvinnherad, to av dei frå Uskedalen. Det er første gang dei har samling her i kommunen.

Korpset har medlemmer frå heile fylket, men dei fleste kjem frå Bergensområdet og Nordhordland. Dette ser naturleg då brassørsla står sterkt i dette området, og vi finn svært mange gode brassband der.

Samlinga i Rosendal startar fredag. Dagane vert fylt med mykje øving, men det vert og tid til andre sosiale aktivitetar. Ungdommane storkosar seg samstundes som dei øver inn eit konsertrepertoar. Dette vert framført på konsert i Rosendal Samfunnshus søndag ettermiddag kl.15.30. Av erfaring veit vi at desse konsertane er ein nytelse, og derfor bør alle musikkinteresserte ta turen når denne sjansen byr seg. Dirigent for korpset er ein av Norges aller ypperste brassdirigentar, Frode Rydland. Rosendal skulekorps legg ned ein stor innsats som teknisk arrangør for samlinga.

AV: Thor Inge Døssland